



Vakre Baroniet vakkert framstilt av Sigrid Øyrehagen.

Frå laurdag førskommande, 23.mai, kan vi nyta kunsten til vår store kunstnar Sigrid Øyrehagen og sambuaren hennar, grafikaren Tom Gundersen, i Galleri G Guddal. Opninga av utstillinga deira skjer kl.13.00, og det er nevøen til Sigrid, velkjende professor Jørn Øyrehagen Sunde som står for opninga.

Det er nok mange uskedelinger og andre kvinnheringar som ser fram til denne utstillinga. Det er ikkje tvil om at den dyktige kunstnaren er særdeles godt omtykt i heimetraktene sine. Når ho har utstilling saman med sambuaren, den anerkjente grafikaren Tom Gundersen, må det berre verta ei utstilling av svært høg klasse!

Sigrid Øyrehagen viste alt i barneskulealder under oppveksten i Skreo på nedre Døsland at ho hadde spesielle evner med blyant og pensel. Gjennom åra har den allsidige kunstnaren vore innom ulike male- og trykkteknikkar og kombinasjonar av desse. Ho har vidareutvikla dei og skapt sine egne, nye teknikkar,

Ho flytte frå heimbygda først på 70-talet, og ho har m.a. utdanning frå Statens Håndverks- og Kunstindustriskole 1975-80, og frå Statens Kunstakademi 1981-85 og 1989/90.

Sigrid har gjennom heile si kunstkarriere hatt god kontakt med heimbygda og Kvinnherad elles. Svært ofte er ho tilbake til heimbygda der ho både hentar inspirasjon, held kontakt med barndomsvenner og slappar av. Ho har hatt utstilling både i Rosendal og på Undarheim gard på Husnes ved fleire høve.

Mange hugsar nok enno den flotte utstillinga i Helgheimskjellaren under Uskedalsdagane i 1983. Ingrid Høyland hadde vore på ei utstilling Øyrehagen hadde i Bergen, og ho tok initiativet til utstillinga der også trekunstnaren Hanna Barrath frå Dimmelsvik og venner av Sigrid frå Kunstakademiet var representert. Etter det har ho hatt ei rad separatutstillingar over heile landet til Namsos i nord. Dessutan har ho vore representert på m.a. Høstutstillingen, Vestlandsutstillingen og Østlandsutstillingen ei rekke ganger.

Det vert nok mange frå heimbygda som stiller på opninga kl.13.00 på lørdag. Det teiknar til å bli ein flott seremoni. Gallerieigar Gøril Guddal melder om at Gallerikaféen er open frå kl.11. Frå kl.12 vert det servering av

gulrotsuppe frå Elins Matgleder og økologiske, steinomnsbakte brød frå Brødskreppa som nyleg opna i Omvikdalen. Det ligg an til ei skikkeleg kulturell feststund i Guddal. Utstillinga varer til 28.juni.

Frå Lørdag av vert Galleri G Guddal ope alle dei 7 dagane i veka.



Sigrid(nr.2 f.v.) saman med barndomsvenninnene Tora Eikeland, Inga Tveito og Anne Karin Maurangsnes under opning av utstilling på Undarheim gard i 2008

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Thor Inge Døssland og utstillarane.